



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no

Møteprotokoll

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 14. mai 2019
Møtetid: 19:00 – 21:20
Møtestad: Julsundet skole

Desse møte:

Jan Magne Breivik, Geir Ove Tangen, Audhild Mork, Gro Merete Hoksnes, Oddmund Varhhaugvik, Kristian Finn Risung, Svein Løwe, Inga Sølvi Korsvik Melby.
Eva-Beate Opskar Nybø og Ingunn Hjelmås kom ca 20 min. seinare etter avtale.

Vidare møte:

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjeverje) og Domprost Olav Gading frå bispedøme

Forfall meldt:

Anja Helen Otterlei, Mette Myrseth Oterhals. Vara var innkalla.

Permisjon:

Inger Kristine Kjellnes

Innleiingsord: Gro Merete Hoksnes

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling

Godkjent

Godkjenning av sist møtereferat

Godkjent

Domprost Olav Gading fekk byrje med orienteringssaka; *Kyrkjelydssamarbeid – kva for retning går vi?* (Sjå saka lenger ned)

SFR 09/2019: Gudstenester på Julsundet

Kyrkjeverje og prest har hatt dialogmøtar på Julsundet, og det er nedsett ein foreløpig styringsgruppe for å detaljplanlegge gudstenester der. Grappa har kome til at dei vil ha variert innhald men med overliggende mål at det skal vere kristent bodskap. Referat frå sist dialogmøte er vedlagd.

Må sokne- og fellestrådet lage eit vedtak for at nytt opplegg for gudstenester på Julsundet kan gjennomførast og at styringsgrappa kan styre dette?

Innstilling frå AU

Saka takast opp i sokne- og fellesrådet med utgangspunkt i vedlagde referat frå dialogmøte.

Behandling i SFR

SFR meiner det er positivt det som styringsgruppa for gudstenester på Julsundet har kome fram til.

Vedtak i SFR

SFR vedtek å gå for det som styringsgruppa har kome fram til og fått fram i det vedlagde dialogmøtereferatet med formål og vedtekter for gudstenesteopplegg for Julsundet.

SFR 10/2019: Male om Kyrkjestova utvendig

Det er kome ønskje frå stab om å kunne male Kyrkjestova (bårehus) utvendig om til kvit slik at denne står i stil til kyrkja. Det er kommunisert med rådgivar kyrkjebygg, Harnes, og han gje løyve til dette. Sjå vedlagde e-post frå han.

Innstilling frå AU

Saka takast opp i sokne- og fellesrådet til behandling og avstemming.

Behandling i SFR

Kva seier budsjett? Budsjettet er uavhengig til å kunne vedta fargeval.

Forslag til å male i brunt slik fargen er i dag.

Vedtak i SFR

Det vart einstemmig til val av brunfarge for Kyrkjestova når denne skal vedlikehaldas og malast.

SFR 11/2019: Søknad stilling trusopplærer

Det er kome inn ein søknad på trusopplærarstilling, vikarstilling for Evy. Søkar har også søkt stilling på Midsund i 30% stilling, og har pr tiden 10% vikarstilling som trusopplærer i Molde. Søker har ikkje svart på stillingstilbodet som er gjeve frå Midsund for å avvente eit tilbod frå oss også for å kunne vurdere heilheita. Sjå vedlagd søknad.

Innstilling frå AU:

Saka takast opp til vurdering og behandling i sokne- og fellesrådet.

Behandling i SFR

Viktig at stillingsannonsen blir utforma slik at vikarpersonen inngår i sjukeperioden til Evy Marie Tofte, altså namngitt at vikaren som varer til Evy kjem tilbake, med moglegheit for forlenging, men også ein frist for forlenging som er fordelaktig for om vikariatet blir kortare. Ta inn til samtale for å høyre om hennar plan og om ev. plan om koordinering med dei andre arb.gjevare som ho pr i dag er tilknytt. Lovar, reglar og standard for ein eventuell arbeidsavtale for vikariatstilling må sjekkast opp.

Vedtak i SFR

Adm.utvalet kallar inn vedkommande til samtale/intervju, og eventuelt tilbyr 40 % stilling, foreløpig fram til 31.12.2019 med ein liten gjensidig oppsigelsefrist i tilfelle vikarperioden vert kortare.

SFR 12/2019: Nominasjons-/valliste til soknerådsvalet 2019

Det er kome inn forslag på til saman 10 personar som er ført inn i ei valliste. Denne må vedtakast av soknerådet og underteiknast av minst 10 forslagsstillare.

Innstilling frå AU:

Saka leggst fram for sokne- og fellesrådet til behandling.

Behandling i SFR

Nominasjonsliste godkjennast og signerast av 10 forslagsstillera. Det er frist til den 5. juni for å fremje kandidatar for supplerande nominasjon. Det må da vere 5 forslagsstillare som godkjenner kvar einskild kandidat. Kan noko gjerast for å skaffe fleire kandidatar frå fastlandet?

Vedtak i SFR

Nominasjonslista godkjennast og underskrivast av 10 forslagsstillare. Kyrkjeverje legg liste ut offentleg saman med informasjon om supplerande val og fristar.

SFR 13/2019: Oppseiing

Det er kome inn brev datert 8. mai 2019 om oppseiing på stillinga som kyrkjeverje frå Frank Harald Vestad. I oppsigelsen er det forslag til minneleg løysning for overgang til annan jobb. Det må raskt settast i gong ny utlysing av kyrkjeverjestillinga.

Innstilling frå AU:

Saka har ikkje vore oppe i AU, difor ingen innstilling derifrå.

Behandling i SFR

Lyse ut same utlysingstekst som sist med same stillingsprosent.

Forslag om 100%.

Lyse ut i Kirkejobb.no, heimesida kommune, facebook

Vedtak i SFR

Aukra Sokneråd / fellesråd har motteke brev datert 8. mai 2019 om oppseiing av kyrkjeverjestillinga frå Frank Harald Vestad.

Stillinga har 3 månaders oppseiingstid, dvs at oppseiingstida går fram til 8. august 2019.

Ferie må avviklas i denne perioden.

Dersom ny kyrkjeverje blir tilsett før oppseiingstida er omme, kan noverande kyrkjeverje evt slutte før oppseiingstida er ferdig.

Kristian Finn Risung tek ansvaret i lag med kyrkjeverje for å legge ut same stillingsannonnen som sist.

Orienteringssaker

Kyrkjelydssamarbeid – kva for retning går vi?

Det er ikkje lenge til at kommunar blir slått saman, og sokn blir overført til anna prosti.

Domprost Olav Gading bør kome å informere sokne- og fellesrådet om konsekvensar for oss for kommunesamanslåingane. Kva med Kyrkjebladet? Sokna Aukra, Midsund og Sandøy er einige om at dei vil fortsette samarbeidet om denne. Kan samarbeidet krysse prostigrensar?

Vedtak frå AU:

Kristian inviterar domprost Olav Gading til å kome til sokne- og fellesrådsmøte den 14. mai som denne gongen er på Julsundet skole.

Domprost Olav Gading orienterte om konsekvensar for kommunesamanslåingar og nye prostigrensar. Noko av dette innebera at det vert nokon små prosti, som fører til få prester som også kan resultere i få ressursar og lite fleksibilitet. For Aukra kan det hende at det må kunne hente inn nokon vikartenester frå annet prosti. Sokn som grensar opp mot kvarandre må sjølv kunne inngå samarbeid.

Kan vi også få til noko betre ut av den nye situasjonen?

Midsund får kyrkjelege medarbeidarar med meir tilknytning til Molde kommune, likeins for Sandøy som går til Ålesund kommune.

Kva med kontor som Aukra deler med Sandøy når Sandøy går over til Nye Ålesund?
For presteskapet må det veljast kva retning ein skal gå når det gjelder samarbeid, enten Fræna eller Molde.

Økonomi

Det er spurd etter økonomisk rapport for Aukra sokn frå rekneskapsavdelinga i kommunen, men den er ikkje kome. Frank har snakke med dei og dei lovar at denne skal føreligge innan fredag 10. mai.

Vedtak frå AU:

Frank legg fram økonomisk rapport og status på sokne- og fellesrådsmøte den 14. mai.

Kommentar frå SRF

God kommunikasjon mot økonomiavdelinga i kommunen må oppretthaldast slik at ikkje rekneskap og økonomi er korrekt og i orden. Saka vert sett opp og lagt fram grundigare til neste møte.

Støtteannonse i avgangsavis 10. klasse

Det er kome ein førespurnad frå 10. klasse elevar ved Gossen skole om Aukra sokn vil vere med å sponse avgangsavisa (skoleavis) deira.

Vedtak frå AU

Kyrkjeverje utformar ein annonse i A6 format med vår logo, og med ein tekst om at vi ønskjer dei lukke til vidare framover.

Fasteaksjonen 2019

Det er møte med konfirmantar og representant frå Kirkens Nødhjelp torsdag 4. april kl 18.15-20.15. Foreldre og andre er også invitert. Sjølve Fasteaksjonen er fastsett til søndag 7. april etter gudstenesta, men det har vore litt snakk om kva klokkeslett for start av aksjonen.

Vedtak frå AU:

Fasteaksjonen startar rett etter gudstenesta/kyrkjekaffien, med utdeling av roder i Kyrkjelydshuset og at ein går ut ca frå kl 13 frå Kyrkjelydshuset og held på til ca kl 15. Det serverast litt drikke og noko å ete etter aksjonen.

Søknader sommarjobb 2019

Det er innkome 5 søknader hittil for sommarjobb. Den eine personen er under 16 år, og har ikkje lov til å føre verken traktorklippar eller gåmanøvrert grasklippar som har drift på hjul.

Vedtak frå AU:

Personer under 16 år er ikkje aktuelle for sommarjobb. Øvrig tal på dei som har søkt bør delast likt på den tidsperiode som det er budsjettert med for sommarhjelp.

Nominasjonskomité

Det er kome inn 5 namn på kandidatar til soknerådvalet, og det står att minst 8 namn. Før eit nytt møte i nominasjonskomitéen, sender kyrkjeverje ut ei påminning på at valstyret (soknerådsmedlemmar) må stå på med arbeidet med å få fleire kandidatar.

Vedtak frå AU:

Kyrkjeverje sender ut påminning til valstyret med opplysningar om status så langt og for vidare arbeid med å få fleire kandidatar.

Aukradagen

Det er blitt drøfta om kyrkja kan stille på Aukradagen, men vi ser at det kan bli vanskeleg blant anna da dei fleste av stab kan ikkje, og heller ikkje AU-medlemmar.

Vedtak frå AU

Kyrkja stiller ikkje med bod på Aukradagen i år.

Kommentar frå SRF

Det er innvilga tilskot frå Sparebanken Møre på kr 15 000,- til Kyrkjebladet som banken ønske overrekke til oss på Aukradagen. Svein Løwe stiller for å ta imot desse frå Sp.b.Møre.

Årsmøte for kyrkjelyden

Årsmøte for kyrkjelyden må fastsettast. Dato vart drøfta og 16. juni vart føreslått.

Vedtak frå AU:

Årsmøte i kyrkjelyden fastsettast til den 16. juni etter gudstenesta.

Konfirmantweekend

Det er planlagd konfirmantweekend på Bjørnsund den 6. – 8. september. Er det nokon backup for denne om det også denne gong vert avlyst av diverse grunnar? Kan det leigast inn personar for hjelp til konfirmantarbeidet denne helga?

Vedtak frå AU:

Kristian kan leige inn eit par personar for å hjelpe seg med konfirmantarbeidet denne helga. Om konfirmantweekenden på Bjørnsund blir avlyst, må ein kunne ha ein plan om å kunne arrangere noko enklare i kyrkje/kyrkjelydshus eller anna.

Andakter på omsorgssenteret

Det er ikkje godt nok opplegg for at andaktane skal kunne gjennomførast på omsorgssenteret. Omsorgssenteret manglar ressursar, og det vert ofte mangalne informasjon til bebuare om andaktene enda omsorgssenteret har loiva å gje god nok info om dette. Det er frustrerande for dei personane/gruppane som held andaktene da det ofte er lite eller ingen personar som møte opp, og dei må leite tak i dei.

Vedtak frå AU:

Ingunn samsnakkar med dei som er oppsett på liste for andaktane, og blir einige om vegen vidare for denne aktiviteten.

Kommentar frå SRF

Viktig at i alle fall gudstenester kan bli arrangert på omsorgssenteret.

Frank H. Vestad (sign.)
Kyrkjeverje